

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemmane av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I SYKKYLVEN KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte

Onsdag, 15.05.2019 kl. 14.00, f-salen, kommunehuset

SAKLISTE:

- Sak 09/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 09.04.2019.
- Sak 10/19 - Årsmelding 2018 - Sykkylven kommune.
- Sak 11/19 - Kommunerekneskapet - 2018 Sykkylven kommune.
- Sak 12/19 - Klage frå Allmennlegeutvalet i Sykkylven - krav om eigenbetaling frå pasient ved henvisning, saksbehandling, offentlegheit, m.v.

Eventuelt

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 926 11735 til dagleg leiar eller e-post bjorn.tommerdal@sksiks.no.

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Sak 09/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 09.04.2019

KONTROLLUTVALET I SYKKYLVEN KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 09.04.2019, kl.14.00
Møtestad: F-salen, rådhuset.
Møtet vart leia av: Rolf Bergmann

Elles til stades:

Karen Elise Matheson, Roger Welle, Torill Velle og Grethe Melseth (vara).
Hadde meldt forfall: Ståle Eikrem

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå administrasjonen møtte einingsleiar Synnøve Hunnes og arkivleiar Tove Lillås i
handsaminga av sak 06/19.

Frå Kommunerevisjon 3 møtte forvaltningsrevisor Svein Ove Otterlei.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling. Saklista vart godkjend. Karen Elise Matheson
meldte inn ei sak under eventuelt og det gjorde også Torill Velle.

Sak 05/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 13.02.2019

Karen Elise Matheson presiserte at under eventuelt i møteboka var punktet om offentlegheit og meiroffentlegheit ei sak som var utsett frå kontrollutvalet sitt møte 5. desember 2018.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak om møteboka:

Møteboka frå møte 13. februar 2019 blir godkjent.

Sak 06/19 - Praktisering av reglar for offentlegheit og meiroffentlegheit i Sykkylven kommune. Orientering ved einingsleiar for fellestenester.

Kontrollutvalet fekk ei grundig og god orientering av einingsleiar Synnøve Hunnes. Medlemmane i utvalet fekk høve til å stille spørsmål undervegs.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Sak 07/19 - Oppfølging av sak 12/17 «Drøfting av prioriteringar i plan for selskapskontroll».

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 2. april 2019.

Kontrollutvalet hadde ein grundig diskusjon kring arbeidet med selskapskontroll i Sykkylven kommune i perioden 2015-2019. Ymse prioriteringar og hendingar har ført til at sak 12/17 har blitt stående til rest.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Sykkylven kontrollutval finn det rett at det nye kontrollutvalet etter kommunevalet 2019 arbeider vidare med ei bestilling på selskapskontroll på vegne av Sykkylven kommunestyre.

Sak 08/19 - Årsmelding 2018 for Sykkylven kontrollutval.

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 2. april 2019.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det framlagte forslaget til årsmelding datert 2. april 2019 blir vedteke som årsmelding 2018 for Sykkylven kontrollutval.

Eventuelt:

Karen Elise Matheson bad sekretariatet sjå nærare på ein mogleg modell/skisse for oppfølging av vedtak gjort i sakene i kontrollutvalet.

Torill Velle bad om ei avklaring på om Sykkylven kommune sitt reglement for kontrollutvalet må oppdaterast eller endrast når ny kommunelov er på plass etter konstitueringa 2019.

Møtet var slutt kl. 16.05

Rolf Bergmann
leiar
(sign.)

Roger Welle
medlem
(sign.)

Karen Elise Matheson
medlem
(sign.)

Torill Velle
medlem
(sign.)

Grethe Melseth
varamedlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 8. mai 2019

**SAK 10/19
ÅRSMELDING 2018 – SYKKYLVEN KOMMUNE**

Som pdf vedlegg følger:

- Årsmelding 2018 – Sykkylven kommune

Etter § 10, 3. ledd i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, skal administrasjonssjefen innan 31. mars utarbeide årsmelding, og fremje denne for det organ kommunestyret bestemmer.

Dersom årsmeldinga ikkje blir fremja for kontrollutvalet, skal den oversendast kontrollutvalet før kontrollutvalet gir sin uttale til årsrekneskapen.

Årsmeldinga skal ligge føre til behandling i kommunestyret samstundes med at årsrekneskapen blir behandla.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek årsmelding 2018 for Sykkylven kommune til vitande.

Bjørn Tømmerdal
dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet i
Sykkylven kommune

Dato: 8. mai 2019

**SAK 11/19
KOMMUNEREKNESKAPEN 2018 – SYKKYLVEN KOMMUNE**

Som pdf vedlegg følger:

1. Revisjonsmelding til kommunerekneskapen 2018 - Sykkylven kommune
2. Sykkylven kommune - kommunerekneskapen 2018

Av Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 7, framgår det at kontrollutvalet skal gje (desisjons-) uttale om årsrekneskapen til kommunestyret før årsrekneskapen blir vedtatt. Kopi av kontrollutvalet sin uttale skal vere formannskapet i hende før formannskapet gjev si innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal kontrollere at årsrekneskapen er ført i samsvar med lover og reglar og om kommunestyret sine målsetjingar er oppfylt. Kontrollutvalet kan følgeleg føreslå endringar i årsrekneskapen, dersom det er skjedd føringar i strid med gjeldande regelverk. Grunnlaget for behandlinga har vore den avlagte årsrekneskapen, revisjonsmeldinga og administrasjonssjefen si årsmelding. I tillegg har ansvarleg revisor supplert kontrollutvalet med relevant informasjon og eget brev.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slik

uttale :

Sykkylven kommune sin rekneskap for 2018 blir godkjent.

Bjørn Tømmerdal
dagleg leiar
Sunnmøre kontrollutvalsekretariat

Til kommunestyret i Sykkylven kommune

Kopi:
Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmannen

MELDING FRÅ UAVHENGIG REVISOR

Uttale om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Sykkylven kommune som viser kr 431.012.428 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 12.538.837. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2018, driftsrekneskap, investeringsrekneskap, og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen per 31. desember 2018, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisors oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av kommunen slik det er krav om i lov og forskrift, og har etterlevd dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Ytterlegare informasjon

Administrasjonssjefen er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon innhenta på datoen for denne revisjonsmeldinga består av kommunen si lovpålagte årsmelding, men ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår uttale om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje slik ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje denne informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon, ville vi rapportert om det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte. Vi viser elles til avsnittet «Konklusjon om årsmeldinga» under utsegn om andre lovmessige krav.

Administrasjonssjefen sitt ansvar for årsrekneskapen

Administrasjonssjefen er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, derunder for at han gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg. Administrasjonssjefen er også ansvarleg for slik intern kontroll han finn naudsynt for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjonen av årsrekneskapen

Vårt mål med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av feil eller misleg framferd, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld vår konklusjon. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimeleg grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

For vidare framstilling av revisor sine oppgåver blir det vist til:

www.nkrf.no/revisjonsberetninger

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om budsjett

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for årsrekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med budsjettvedtak, og at budsjettbeløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.


Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er omtalt ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Ålesund, 15. april 2019



Anne Nygård
oppdragsansvarleg revisor

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Til

- Kontrollutvalet i Sykkylven

Saksnummer:	Arkiv:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
12/19		07.05.2019	15.05.2019	Kjetil Kvammen

Sak: Klage frå Allmennlegeutvalet i Sykkylven - krav om eigenbetaling frå pasient ved henvisning, saksbehandling, offentlegheit, m.v.

Innhald

1. Innleiing, bakgrunn.....	2
2. Området for behandlinga i kontrollutvalet.....	2
3. Bakgrunn for den kommunale avgjerda knytt til usemje om betalingstariff.....	3
4. Det formelle regelverket - grunnlaget for honoraret.....	4
5. Nærare om rammen for kontrollutvalet si undersøking.....	4
6. Endeleg avklaring om kva som er rett forståing av forskrifta.....	5
7. Kravet til heimel for å treffe avgjerd om takstbruken – tilhøvet til gjeldande avtale.....	5
8. Nærare om spørsmålet om nødvendig heimel ligg føre for kommunen.....	7
8.1. Helse- og omsorgstenestelova med forarbeid.....	7
8.2. Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten (F28.10.2016 nr 1250).....	7
8.3. Forskrift om fastlegeordning i kommunene (F29.08.2012 nr. 842) § 7.....	7
9. Hovudtrekk i kommunen si saksbehandling knytt til takst 8.....	7
10. Pålegget om tilbakebetaling og endring av praksis.....	8
Merknad 10.1 - endra praksis.....	9
Merknad 10.2 - formelle manglar.....	9
11. Avslaget på kravet om tilbakebetaling, stadfesting frå Helfo.....	9
Merknad 11.1 - innhald mv.....	10
Merknad 11.2 - vurdering.....	10
Merknad 11.3 - uklare tolkingsmoment.....	10

Merknad 11.4 - atterhald	10
12. Kontrollutvalsekretariatet si oppfølging	10
13. Helsedirektoratet sitt syn.....	11
14. Tilhøvet til offentleglova	11
Merknad 14.1 - teieplikt for personlege tilhøve, vurderingar.....	12
Merknad 14.2 – teieplikt for næringsopplysningar, vurderingar	12
15. Oppsummering og tilråding til vedtak.....	12

1. Bakgrunn

Det kommunale initiativet til omorganisering av legetenestene i Sykkylven utløyste tydelege meiningsforskjellar mellom den kommunale administrasjonen og det privateigde legesenteret. Det har råda usemje på ulike saksfelt. Det har vore reist innvendingar mot kommuneadministrasjonen si tilrettelegging av saka om legesenter mv. for politikarane og korleis gjeldande regelverk er å forstå.

Allmennlegeutvalet i Sykkylven leverte den 11.10.2018 ei formell klage over Sykkylven kommune sin administrasjon, stila til kontrollutvalet. Klagen gjeld ei rekkje av slike tilhøve som er knytt til innvendingar mot kommunen sin handlemåte, også når det gjeld spørsmål om etablering av eit kommunalt legesenter.

Partane har hatt ulike syn på fleire spørsmål, t.d. når det gjeld spørsmålet om retten til å disponere over legeheimlar og delar av sakskomplekset har vore behandla i rettssystemet.

Saka om legetenestene har vore gjenstand for stor omtale, då den er av offentleg interesse. Etter kvart som tida har gått har fleire forhold som klagen gjeld vorte avklara.

Nokre av dei spørsmåla som klagen omhandlar har kontrollutvalet vurdert som mindre eigna for behandling i utvalet. Dette m.a. fordi dei omfattar skjønsmessige og politiske grunnlag og avgjerder som ligg utanfor dei områda som det er naturleg for kontrollutvalet å behandle.

Utvalet har beslutta å sjå nærare på eitt tema. Dette gjeld legekantoret sin praksis med ekspedisjonsgebyr for henvisningar.

2. Området for behandlinga i kontrollutvalet

Klagen omfattar m.a. kritikk av kommunen si behandling av spørsmål om honorarsats eller ekspedisjonsgebyr (takst 8) i samband med henvisning frå lege.

Spørsmål om pasientar si plikt til å betale eigendel gjeld eit sakstema som frå tidlegare viser seg å ha vore uklårt. Det sentrale for utvalet i samband med legekantoret sitt honorarkrav og eigendel etter takst 8 bør vere kommuneadministrasjonen si saksbehandling. Ved sida av saksbehandlninga er det naturleg å søkje avklart så langt som muleg, kva som er rett forståing av regelverket.

I møte den 13.02.2019 gjorde kontrollutvalet i sak 02/19 slikt vedtak:

Kontrollutvalet ønskjer ei nærare utgreiing av kommuneadministrasjonen si saksbehandling når det gjeld tilhøvet til legekantoret si praktisering av betalingstariffen, takst 8.

3. Kommunen si avgjerd knytt til usemje om betalingstariff

Etter legekonsultasjon som gjaldt ein mindreårig pasient reiste mor innvendingar mot å måtte betale kr. 59 for henvisning til røntgenundersøking m.m..

Etter at ho ikkje fekk medhald på legekantoret vende mor seg til kommuneadministrasjonen som gjorde vedtak om å pålegge legekantoret å betale beløpet attende. Kommunen kom fram til at det ikkje var grunnlag i gjeldande reglar for å kreve opp eigenbetaling for henvisninga.

Etter oppmoding frå pasienten fastslo difor rådmannen at legesenteret urettmessig hadde kravd eigenbetaling av pasienten slik at denne måtte betalast tilbake. Legekantoret viste til at kravet på slik betaling følgde av fast praksis som var i samsvar gjeldande betalingstariff og avslo difor å etterkome kommunen sitt krav om tilbakebetaling til pasienten.

Om legekantoret hadde rett til å krevje opp eigenbetalinga må vurderast som eit spørsmål om tolking av denne forskrifta. Denne ligg under Helse- og omsorgsdepartementet sitt område.

Usemja gjaldt sjølv rettten til å kreve opp ekspedisjonsgebyret. Sjølv gebyret takst 8 er angitt å skulle dekkje utgifter og arbeid ved sending av henvisningar mv.

Vedkomande pasient har gjennom kommunen krevd at beløpet vert refundert då gebyret etter pasienten si oppfatning ikkje har eit lovleg grunnlag. Pasienten sitt krav har rådmannen vidareført i form av eit tilbakebetalingspålegg til legekantoret.

Medan kommunen har krevd at legesenteret må betale tilbake dette beløpet, så meiner legesenteret deira praksis er støtta av Den norske legeförening. Rådmannen viser på si side til at kommunen har støtte for si tolking i Helsedirektoratet.

I klagen til kontrollutvalet viser Allmennlegeutvalet til Den norske Legeförening sin uttale der det går fram at det aktuelle gebyret er rettmessig.

Det vert vidare hevda at kommunen har engasjert seg i spørsmålet og fatta vedtak i takstspørsmålet utan heimel.

Det er elles vist til kommunalsjefen si offentlege publisering av tvisten saman med det angiveleg urette kommunale vedtaket og at denne publisiteten svekkjer tilliten til legane sitt omdøme og såleis skadar verksemda.

4. Det formelle regelverket - grunnlaget for honoraret

Den aktuelle betalingstariffen/betalingsregulativet er tatt inn i forskrift (F29.06.2018 nr 1153 - Forskrift om stønad til dekning av utgifter til undersøkelse og behandling hos lege) og gjeld **takst 8** i forskrifta. Denne er inntatt i Normaltariff for fastlegar og legevakt 2018-2019.

Satsane for utgifter til undersøking og behandling hjå lege vert fastsett årleg i nye forskrifter som vert gitt i medhold av folketrygdlova § 5-4 fjerde ledd, jfr. § 5-1.

Den årlege revideringa skuldast at satsane vert avtalt i samband med årlege forhandlingar mellom staten, Kommunenes Sentralforbund, dei regionale helseforetaka og Den norske Legeforening. Statleg stønad vert ytt enten etter refusjonstakst eller i visse tilfelle etter honorartakst, dvs. eigendel som medlemmet (pasienten) skal betale. Takst 8 er ein slik honorartakst.

Tolkinga av forskriften er avgjerande for kva som er rett grunnlag for honorartaksten (eigendelen). Både staten og legeforeninga, som begge er hovudaktørar bak refusjonsordninga, har vore med og framforhandla årleg revidering av satsane. Men det er kome fram at dei har hatt ulikt syn på kva som utløyser honorartaksten på kr. 59.- ved henvisningar. Helsedirektoratet har opplyst at tolkinga av forskrifta fleire gonger har vore tema i dei årlege forhandlingene, men utan at forhandlingspartane har kome til semje.

Det er imidlertid ikkje kjent at spørsmålet om rekkevidda av taksten tidlegare har kome på spissen slik som i Sykkylven.

Kommunen og legekantoret har hatt ulikt syn i saka. Medan kommunen har meint å ha støtte for sitt syn i ein uttale frå Helsedirektoratet, så har legekantoret vist til Den norske legeforening sin uttale om at legekantoret sin langvarige praksis er i samsvar med regelverket.

Det spesielle er at tolkingstvilen er eit resultat av at nyare kommunikasjonsløyser (intern elektronisk kommunikasjon mellom helseorgana) har erstatta tidlegare kommunikasjonsform (t.d. e-post). Det er verknaden av at forskrifta ikkje er endra tilsvarande, eller har avklara slike praktiske endringar, som skaper uvisse.

5. Nærare om rammen for kontrollutvalet si undersøking

Kontrollutvalet har valgt å sjå på kommunen si saksbehandling. Sentralt i vurderinga av denne er kva som, materielt sett, er rett forståing av forskrifta. Det vil vere retningsgivande for om kommuneadministrasjonen hadde grunn til å handle slik som den gjorde.

Det neste spørsmålet er om den kommunale avgjerda om dette var tilrettelagt forsvarleg og i samsvar med god saksbehandlingsskikk.

Allmennlegeutvalet har også reist innvendingar mot offentleggjering av kommunen sitt standpunkt.

Det aktuelle gebyret er isolert sett lite, men spørsmåla gjeld tolking og prinsipp som over tid kan berøre mange.

Sykkylven kontrollutval bør først og fremst sjå etter om kommunen hadde sørga for tilstrekkeleg grunnlag for å fremje tilbakebetalingskravet på vegne av ein pasient. Det som då vil stå sentralt er m.a.

- om kommunen hadde mynde eller heimel for å fremje kravet.
- om der ligg til grunn ei objektiv og forsvarleg saksbehandling, med utgreiing av om kravet, på det tidspunkt då det vart fremja, framsto som rettmessig
- i kva grad kravet materielt sett framsto som rettsleg haldbart
- om det råka motparten på ein urimeleg måte, utan å vere endeleg avklart
- tilhøvet til offentleglova

Det ligg ikkje informasjon i saka som tyder på at kravet kan verte tvangsfullbyrda. Uansett ville ein slik prosess ligge utanfor det kontrollutvalet sine undersøkingar bør omfatte.

6. Avklaring om kva som er rett forståing av forskrifta

Sidan forskrifta ligg under Helse- og omsorgsdepartementet sitt område så har det vore naturleg for kontrollutvalsekretariatet å innhente ein formell tolkingsuttale. Departementet har vist til at Helsedirektoratet, i alle høve i første omgang, bør vere det organet som svarar på sekretariatet sine spørsmål.

Tolking av ei lovforskrift opp mot eit konkret sakstilfelle vil likevel høyre under domstolane som siste instans. Dersom tvisten gjeld avtaletolking, har partane i denne saka avtala voldgift. Det er ikkje kjent at det ligg føre noka tidlegare rettsavgjerd om dette tolkingsspørsmålet.

Ein står difor att med uttale frå direktoratet, eventuelt Helse- og omsorgsdepartementet, som konklusjon på om kva som er rett forståing av forskriften. Helsedirektoratet sin uttale er ei sentral og viktig rettskjelde.

7. Kravet til heimel for å treffe avgjerd om takstbruken – tilhøvet til gjeldande avtalar

Dersom kommunen som offentlig mynde skal utferdige pålegg mot private, slik som legesenteret i Sykkylven, må kommunen i utgangspunktet ha heimel i lov. Dette følgjer av legalitetsprinsippet, jfr. elles Grunnlova § 113.

Kommunen si oppfølging av klagen kan tenkjast anten å vere eit forvaltningsvedtak eller eit tiltak i høve til avtalane som kommunen og legekantoret er bundne av.

Forvaltningslova § 2 definerer «vedtak» som *«en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter);..»*

Gjennom sjølve pålegget om tilbakebetaling har kommunen gitt til kjenne at den meiner å ha heimel, eventuelt eit slikt mynde, til det. Er grunnlaget offentlig mynde, ligg det i så fall også føre eit vedtak. Kommunen definerer sjølv ikkje nærare dette grunnlaget.

Fordi dette også er «et vedtak som gjelder rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer» så er det i så fall også eit enkeltvedtak, jfr. forvaltningslova § 2b. For eit slikt vedtak er det etter forvaltningslova både krav til grunngjevingsplikt og klagerett.

Kommunen har imidlertid **individuell avtale** med den enkelte lege i fastlegeordninga og avtale med det private legesenteret. I avtalen med legen er partane sine plikter og rettar knytte opp til både helse- og omsorgstenestelova og **rammeavtalen** (ASA 4310) mellom KS og Den Norske Legeforening. Både lov og rammeavtalen inngår såleis i den individuelle avtalen som både kommunen og legane er bundne av. Av dette følgjer at legar og andre tilsette ved legekantoret skal etterleve lov og forskrift som gjeld for verksemda, noko som også elles ville vere sjølv sagt utan slik avtale. Kommunen sitt krav om tilbakebetaling kan difor sjåast som eit krav om at den andre parten skal oppfylle avtalen, i staden for at kommunen nyttar eventuelt mynde etter lova. Eit slikt krav etter avtalen må kommunen som avtalepart kunne stille utan at det er å sjå på som bruk av «offentlig myndighet».

I epost av 06.07.2018 gir Den Norske Legeforening til kjenne følgende syn på hjemmelsforholdet:

«Når det gjelder spørsmålet om hvorvidt kommunen kan pålegge ...endring av takstbruk, så er det Helse- og omsorgsdepartementet som har forskriften der normaltariiffen reguleres. Det antas at et pålegg måtte komme derfra, evt. Helsedirektoratet som underliggende organ.

Det heiter vidare at kommunen sin styringsrett overfor eit kommunalt eigd legekantore med fast tilsette legar ikkje kan nyttast overfor det privat drivne fastlegekantoret i Sykkylven.

Dette er eit syn som kommunen ikkje ser ut til å ville dele. I høve eit anna separat krav frå legesenteret til kommunen om betaling for utskrift/kopi av journal viser kommunen til sin kontrollfunksjon og skriv m.a. i epost av 30.07.2018 til legekantoret:

«Bakgrunn for å etterspørre informasjon i journalen var eit ledd i ei klagesak og for å oppfylle kommunens plikt til å kontrollere at praksis er i tråd med lokale og sentrale avtalar, normaltariiffen og tilhøyrande lover og forskrifter. Som avtalepart med fastlegane har kommunen i alle klagesaker plikt til å undersøkje, ev. avdekkje og om nødvendig sjå til at feil vert retta opp».

Klagaren retta i 2019 ei påminning til kommuneoverlegen om at den innbetalte eigendelen framleis ikkje var refundert. I epost av 11.01.2019 til klagaren svarar kommuneoverlege Christopher Drabløs Wiig: *«Kommunen har gitt klar beskjed, men kan ikkje fysisk stoppe dei i dette».*

Uttalen frå kommuneoverlegen kan tolkast slik at kommunen ikkje har nødvendig rettsleg grunnlag for handheving av verken kravet om at pengane vert tilbakebetalt eller pålegge ein endra framtidig praksis slik kommunen har gjort.

Det synest utfrå desse vurderingane mest naturleg å sjå det kommunale tilbakebetalingskravet vedkomande takst 8 som avtalebasert.

Rammeavtalen pkt. 15 gir kommunen under visse vilkår kommunen rett til å iverksetje trekk i basistilskottet dersom såkalla «korrigerande tiltak» ikkje blir retta. Om trekk kan gjennomførast for krav som tredjemann, i dette tilfelle pasienten, har er ikkje avklart.

Etter Helsedirektoratet si oppfatning har den enkelte lege ved individuell avtale plikta seg til å etterleve «Avtale om staten/KS og Den Norske Legeforening om basistilskott og takstar». Det er opplyst at alle legene i 2016 signerte slik avtale.

Innkrevinga av betalingskravet, eventuelt ved trekk i tilskott, ligg elles utanfor det kontrollutvalet ser på i saka.

Uavhengig av om kommunen sitt pålegg om retting er lov- eller avtalebasert, blir det nødvendig å ta stilling til kva som i det konkrete tilfelle er rett forståing av takst 8 i forskrifta.

8. Spørsmålet om nødvendig heimel ligg føre for kommunen

For å få ei nærare avklaring har sekretariatet har tatt opp tilhøvet til følgjande regelverk med Helsedirektoratet, i høve til spørsmålet om kommunen sin heimel:

8.1. Helse- og omsorgstenestelova med forarbeid

Kommunen har etter helse- og omsorgstenestelova § 3-1 ansvar for å «planlegge, gjennomføre, evaluere og korrigere virksomheten, slik at tjenestenes omfang og innhold er i samsvar med krav fastsatt i lov eller forskrift».

Det går fram av forarbeida til lova (Prop. 91 L (2010-2011)) at bestemmelsen siktar mot m.a. systematiske tiltak innafor regelverket om internkontroll.

8.2. Forskrift om ledelse og kvalitetsforbedring i helse- og omsorgstjenesten (F28.10.2016 nr 1250)

Denne poengterar i § 9 «Plikten til å korrigere» virksomhetens aktiviteter, bl.a. ved

«a) rette opp uforsvarlige og lovstridige forhold».

Forskrifta gjelder etter § 2 «virksomheter som er pålagt internkontrollplikt etter....c) helse- og omsorgstjenesteloven §3-1 tredje ledd» som f.eks. kommunen.

Helsedirektoratet vart m.a. bede om å vurdere om den rett regelverket gir til kommunal styring av verksemda også inneber kompetanse til å gripe inn i den økonomiske sida ved drifta av det privateigde legesenteret. Vi viser til direktoratet sitt svar i brev av 26.04.2019.

8.3. Forskrift om fastlegeordning i kommunene (F29.08.2012 nr. 842) § 7

Denne forskrifta fastslår «Kommunens ansvar for kvalitet i den kommunale allmennlegetjenesten».

Her er det i tredje ledd presisert følgjande: «Kommunens ansvar gjelder uavhengig av om tjenestene ytes av ansatte leger eller det inngås avtaler med selvstendig næringsdrivende leger om å yte tjenestene.»

9. Hovudtrekk i kommunen si saksbehandling knytt til takst 8

Kontrollutvalset sekretariatet har oppmoda kommunen om nærare informasjon i saka. Det er mottatt ei utgreiing i brev/samandrag av 20.02.2019 frå rådmannen vedkomande dette. Kommunen sitt dokumentsamandrag med nokre av vedlegga følgjer vedlagt, **vedlegg nr. 1-2**. Utgreiinga er

overlevert og gjennomgått i møte med sekretariatet og seinare til ein viss grad komplettert etter spørsmål frå sekretariatet.

Det går fram av den mottatte informasjonen at kommunen den 08.06.2018 henvende seg til legesenteret, etter først å ha konferert med Ove Økland, vikar for kommuneoverlegen, om den klaga som var mottatt.

Kommunalsjef Eli Otterlei skriv m.a. at

«Som kommunalsjef har eg plikt til å undersøke saka, og ser alvorleg på dette dersom det er slik at kommunens fastleger tek for mykje betalt. Reglane er dei same om legesenteret er privat drive, all den tid fastlegane har driftsavtale med HELFO og individuell avtale med Sykkylven kommune».

Etter oppmoding frå Allmennlegeutvalet vart det den 11.06.2018 halde møte mellom alle legane, kommunalsjef og kommuneoverlege der m.a. klagen over betaling ved legesenteret (takst 8) vart drøfta.

Frå legane si side vart det i eit motsvar påpeika at det aktuelle ekspedisjonsgebyret er lovleg og i samsvar med legeföreninga sitt standpunkt.

Det var elles misnøye med at kommunen ikkje hadde drøfta klagen med kommuneoverlege eller sendt den til legekantoret til uttale. Legetenesta ga elles uttrykk for at kommunen sin administrasjon ikkje kunne gripe inn i ei slik sak.

10. Pålegget om tilbakebetaling og endring av praksis

Følgjande er også dokumentert som grunnlag for kommunen sitt pålegg meddelt 22.06.2018:

- kommunen sin epost av 12.06.2018 til Helfo med orientering om sakskomplekset og forespurnad om bruk av takst 8
- følgjande svar i epost av 20.06.2018 til kommunen frå veileidar Sølvi Fjellsetnes i Helfo veiledning:

«Takst 8 er takst for ekspedisjonsgebyr som skal dekke utgifter og arbeid ved forsendelse etter pasientens ynskje av reseptar, henvisningar og rekvisisjonar eler liknande, pr. brev, faks, telefon eller e-post. Taksten vert ikkje dekt av folketrygda. Ekspedisjonsgebyret kan krevjast i dei fleste tifeller, dersom forsendelsen skjer etter pasienten sitt ynskje.

Takst 8 kan ikkje krevast ved e-resept eller elektronisk sending av henvisningar og rekvisisjonar.

Takst 2a inkluderer skrivning av henvisningar og rekvisisjonar, og skrivning av resept, jfr. merknad B1. Den inkluderer ikkje sending av desse. Takst 8 kan nyttast ved forsendelse av henvisningar m.m. dersom pasienten ber legen sende dette. Legen må opplyse om at det vil medføre ekstra kostnad for pasienten dersom legen/legekantoret skal ta seg av forsendelse av slike papir. Pasienten må få velge om legen skal sende henvisning/resept eller om han vil ta meg seg papira sjølv og sende dette».

- tilleggsspørsmål i epost av 21.06.2018 til Helfo med spørsmål om «takst 2 a inkluderer elektronisk sending av henvisningar...»

Merknad 10.1 - endra praksis

Uttalen frå Helfo bygg på at pasienten står fritt til å be legen om å sende henvisninga mot betaling, eller å «ta med seg papira og sjølv sende dette».

Det må nemnast at denne uttalen er imøtegått av Helsedirektoratet den 22.08.2018 som opplyser at legen i praksis er pålagt å sende henvisningar elektronisk.

På dette grunnlaget sende kommunen brev av 22.06.2018 med **pålegg** til Sykkylven legesenter om å refundere det oppkrevde gebyret til klagaren. I pålegget heiter det m.a.:

«Ut i frå HELFO sitt svar var det ikkje høve til å krevje Takst 8 for henvisning, og eg ber om at Sykkylven legeteneste refunderer beløpet til klagaren. Dersom det har fore ei misforståing i praktisering av takst 8 ved legesenteret, ber eg om at denne endrast slik at den er i tråd med tilbakemeldign frå HELFO for ettertida (ref. svar frå HELFO i epost av 21.6.18).»

Det kan nemnast at Helfo (Helseøkonomiforvaltningen) er Helsedirektoratet sin ytre etat som har ansvaret for m.a. refusjon av private sine utgifter til legemidlar, eigenandelar m.v.

Merknad 10.2 - formelle manglar

Det går ikkje fram av pålegget om dette har heimel i lov eller avtale. Synleggjering av retten til å gi eit pålegg inngår til vanleg i god saksbehandlingsskikk. Fullstendig grunngeving er som regel nødvendig utfrå alminnelege forvaltningsrettslege krav til forsvarleg saksbehandling, jfr. forvaltningslova § 25 som gjeld for enkeltvedtak.

11. Avslaget på kravet om tilbakebetaling, stadfesting frå Helfo

I brev av 25.06.2018 av slo Sykkylven legesenter å refundere gebyret eller endre praksis på bakgrunn av uttalen frå Helfo.

I epost 28.06.2018 retta Sykkylven legesenter formell henvending til Den Norske Legeforening med forespurnad om kva som er rett takstbruk.

Den 06.07.2018 sende legeforeninga eit til dels utførleg svar som konkluderer med at *«For vidare-ekspedering av papirresepter, henvisninger og rekvisisjoner etter pasientens ønske, kan legen kreve takst 8»*.

Sykkylven kommune retta deretter nye henvendelsar til Helfo. I juli 2018 ligg det føre korrespondanse med m.a. Helfo saksbehandling og utbetaling v/direktør Johnny Mathisen. I epost av 18.07.2018 frå Helfo kommunikasjon vert forskrifta tolka slik:

«Legen kan ikke kreve takst 8 ved elektroniske henvisninger. Legen er pålagt å sende henvisningen elektronisk – pasienten kan ikke selv velge å få henvisning i hånden og selv kontakte spesialisthelsetjenesten.

Sendingen skjer derfor ikke etter «pasientens ønske».

Det er kommunene som inngår avtale med den enkelte fastlege. Det er derfor kommunene som må følge opp at pasienter ikke avkreves ulovlig egenbetaling i møte med den kommunale helsetjenesten».

I brev av 23.07.2018 meddelte kommunen dette til Sykkylven legesenter.

Ved brev av 20.08.2018 sende kommuneoverlege Cato Innerdal forspørsel til Helsedirektoratet om bruken av takst 8 ved elektronisk henvisning.

Merknad 11.1 - innhald mv.

Framstillinga i kommuneoverlegen sitt brev framstår som utfyllande og balansert.

Hovudspørsmålet vart formulert slik («Spørsmål 1»):

«Mener Helfo/Helsedirektoratet takstbeskrivelsens bruk av «e-post» ikke refererer til elektroniske meldinger via NHN? Altså at taksten utløses ved bruk av vanlig e-post, en praksis som vil være i strid med Normen?»

Helsedirektoratet svarte straks på brevet. I brev av 22.08.2018 skriv Helsedirektoratet («Svar:»):

«Ja, Helsedirektoratet mener at «e-post» ikke refererer seg til elektronisk henvisning. Den gang «e-post» kom inn i takst 8, var ikke elektronisk henvisning en mulighet. Elektronisk henvisning er - i motsetning til e-post – en sikker måte å sende personsensitive data på (nivå 4) og skal i følge veileder utarbeidet av direktoratet benyttes.....Forståelsen har flere ganger vært tatt opp i de årlige forhandlingene uten at partene har kommet til en enighet. Det er imidlertid Helse- og omsorgsdepartementet som eier forskriften og som i siste instans fastslår hva som gjelder. Teksten taler for seg; pasienten kan ikke motsette seg elektronisk henvisning og sendingen er således ikke «etter pasientens ønske».

Helsedirektoratet sitt brev med spørsmåla som er stilt følgjer som **vedlegg nr. 3**.

Merknad 11.2 - vurdering

I epost av 20.08.2018 til kommunen skriv Helfo veiledning m.a.at «*Ekspedisjonsgebyret kan krevjast i dei feste tilfeller, dersom forsendelsen skjer etter pasienten sitt ynskje*».

Ei vanleg forståing av dette er at «forsendelsen» gjeld ynskjiet om at det skal sendast, ikkje måten det skal sendast på. Ein må tru at ein pasient uansett ønskjer raskaste forsendingsmåte.

Ein må vel også legge til grunn at henvisningar i dei fleste tilfelle er eit resultat av legen si vurdering av kva som er medisinsk naudsynt for at helsehjelpa skal vere forsvarleg i det konkrete tilfelle. Pasienten sitt «ynskje» nærmar seg då meir kun eit samtykke.

Merknad 11.3 - uklare tolkingsmoment

Direktoratet synest å meine at en når ein pasient, i medfør av utviklinga, ikkje lenger kan bestemme teknisk sendingsmåte, så er det ikkje lenger relevant at sending av ei henvisning nettopp skjer etter pasienten sitt ønskje.

Dette verkar i utgangspunktet lite logisk.

Det vert sett vekk frå at det er pasienten som ønskjer å bli henvist og utan eit slikt ønskje/samtykke ville det i dei fleste tilfelle heller ikkje verte send noka henvisning. «Etter pasientens ønske» går difor neppe på forsendingsmåte, men på at henvisning skal sendast. Helsedirektoratet si tolking synest difor vanskeleg å sameine med ordlyden.

Merknad 11.4 - atterhald

Direktoratet tar dessutan atterhald om at departementet si forståing kan vere ei anna og minner om at partane har vore usamde om tolkinga.

12. Kontrollutvalsekretariatet si oppfølging

Sekretariatet har uformelt kontakta Helseerettsavdelinga ved Helse- og omsorgsdepartementet og etter råd derifrå sendt ein forespørsel til Helsedirektoratet med oppmoding om vurdering av tolkingsspørsmålet. Det vart ettersendt tilleggsspørsmål.

- kopi av brev av 02. og 11. 04.2019 frå advokat Kjetil Kvammen til Helsedirektoratet, **vedlegg 4 og 5.**

Kopi av breva vart sende til Den norske legeförening til orientering. Det er ikkje mottatt svar eller merknader derifrå.

13. Helsedirektoratet sitt syn

Direktoratet sitt svar ligg føre i brev av 26.04.2019, sjå **vedlegg nr. 6.**

Av dette går det fram at direktoratet meiner at

- forskrifta sin ordlyd når det gjeld takst 8 kan ikkje tolkast utvidande. Det betyr at når elektronisk henvisning, som i dag må oppfattast som pålagt, ikkje er opprekna under takst 8, så er det *«ikke...åpnet for at taksten skal benyttes ved elektronisk henvisning»*.

Det vert opplyst at Helse- og omsorgsdepartementet *«er kjent med vår forståelse»*.

- heimelen for kommunen til å handheve takst 8 er basert på avtale. Det vert vist til rammeavtalen pkt. 15 og til individuell avtale om allmennpraksis i fastlegeordninga for sjølvstendig næringsdrivande lege.

Av dette følgjer at usemje eller tvist om takst 8 må løysast etter dei reglane som følgjer av rammeavtalen pkt. 17, dvs. i siste instans voldgift.

Kopi av aktuell del av rammeavtalen følgjer som **vedlegg nr. 7.**

14. Tilhøvet til offentleglova

Allmennlegeutvalet hevdar at kommunen har kunngjort informasjon som skulle ha vore unnateke frå offentleg innsyn. Dette gjaldt epost av 05.06.2018 frå mor til den mindreårige pasienten med klage til kommunalsjef Eli Otterlei over angiveleg feil takstbruk. I klagen var namnet på ein tilsett som klagaren hadde hatt kontakt med i skranken ved legekantoret opplyst. Klagen låg ute på kommunen si postliste frå torsdag 07. juni 2018 til dagen etter.

Legekantoret og dei skranketilsette reagerte på dette.

Nokre dagar etterpå beklaga kommunen at den innkomne eposten ikkje var blitt unnateke offentleg innsyn slik den skulle, angiveleg på grunn av teieplikt. Kommunen opplyser her ikkje heimel for slikt unntak, men det går fram at det er både opplysninga om den aktuelle tilsette og «innhaldet elles» i klagen som angiveleg er undergitt teieplikt.

Hovudoppslaget på framsida i Sunnmørsposten den 27.06.2018 var **«Bedt om å skifte lege»** *«Therese Utgård i Sykkylven klaget på det hun mener er feil takstbruk ved det lokale legesenteret, og kommunen ga henne medhold. Legene svarte på kritikken med å oppfordre Utgård til å finne et nytt legesenter.»*

På framsida skreiv Sunnmørsposten den 19.07.2018: **«Lege tok for mye betalt i Sykkylven»**

I innlegget inne i avisa har overskrifta: «*Gir pasient rett i takst-strid med Sykkylven legesenter. Lege tok for mye betalt*».

Det er i artikkelen gjort greie for at dette er Helfo sitt standpunkt.

Merknad 14.1 - teieplikt for personlege tilhøve, vurderingar

Hovudregelen i offentleglova er at alle saksdokument i offentlig verksemd er opne for innsyn. Offentleglova § 13 fyrste ledd slår fast at opplysningar som er underlagde teieplikt i lov eller i medhald av lov, er unnatekne frå innsyn.

Forvaltningslova § 13 inneheld reglar om teieplikt for opplysningar om personlege tilhøve og visse næringsopplysningar. Skal det gjerast unntak for opplysningar om enkeltpersonar må det det gjelde opplysningar som det med god grunn er vanleg å ville halde for seg sjølv.

Offentleg tilsette, og personar som utfører oppgåver som er likestilte med offentlege oppgåver, slik som ved eit legekontor som handlar etter oppdrag frå kommunen, vil til vanleg kome i ei særstilling. Når det gjeld offentlig tilsette som skal vareta allmenne interesser, er teieplikta for opplysningar knytte til arbeid for det offentlege snevrare enn det som elles gjeld. Eit moment i vurderinga vil vere kor viktig tilliten frå ålmenta er for den aktuelle stillinga. Den snevrare teieplikta gjeld imidlertid berre opplysningar som er knytte til utføringa av arbeid for det offentlege.

Merknad 14.2 – teieplikt for næringsopplysningar, vurderingar

Forvaltningslova § 13 første ledd nr. 2 oppstiller teieplikt for opplysningar om

«tekniske innretningar og fremgangsmåter samt drifts- eller forretningsforhold som det vil være av konkurransemessig betydning å hemmeligholde av hensyn til den som opplysningen angår.»

Opplysningar om drifts- eller forretningstilhøve vil omfatte opplysningar som direkte gjeld utøving av næringsverksemd, slik som informasjon om produksjonsmetodar, produkt, kontraktsvilkår, marknadsføringsstrategiar, analyser, prognosar eller strategiar knytte til verksemda.

Den sentrale avgrensinga av teieplikta ligg i vilkåret om at det må vere av «konkurransemessig betydning» for verksemda at opplysningane blir haldne hemmelege.

Informasjon om Helfo si vurdering av honorarpraksis, sett opp mot Den norske legeförening si regeltolking som legekantoret i Sykkylven ikkje følgjer, er utfrå dette ikkje underlagt teieplikt. Behovet for hemmelegald må vegast opp mot den offentlege interessa som er knytt til opplysningane. Pasientar sine plikter og rettar har oftast ei betydelig offentlig interesse.

Det heiter i justis- og beredskapsdepartementet sin rettleiar til offentleglova (side 87):

«Som utgangspunkt vil teieplikta heller ikkje omfatte opplysningar om at ei verksemd har gjort seg skuldig i eit lovbrøt, sjølv om opplysningane vil kunne skade konkurranseevna til verksemda.»

Det vert for ordens skuld presisert her at det ikkje vert hevda at legekantoret har brote lova.

Utfrå ovanståande vert det ikkje vurdert som sannsynleg at lovreglar om teieplikt er brotne i saka.

15. Oppsummering og tilråding til vedtak

Sykkylven kommune har administrativt handtert ei pasientklage over gebyrpraksis ved Sykkylven legesenter som vert drive privat etter avtale med kommunen.

